



DEN NORSKE KYRKJA

## Preses: – Stolt over kyrkja sine tilsette og frivillige




Vi er midt i adventstida og førebur oss til julefesten. For mange kyrkjeleg tilsette er dette ei hektisk tid med barnehagebesøk, skulegudstenester, konserter, fellesmiddagar, besøk på institusjonar – i tillegg til vanlege oppgåver med gudstenester og gravferder. Jula er ei viktig høgtid for oss som folkekyrkje.

Vi veit at det betyr mykje for folk å kunne kome inn i kyrkja og på kyrkjegardane i høgtida. Det er ei tid for oss som kyrkje å nå ut med bodskapen om at Gud kom til oss som born på jorda. Eg er stolt over det kyrkja sine tilsette og frivillige gjer for lokalsamfunna.

Vi lever i ei uroleg tid. Når vi inviterer til fellesskap denne jula kan vi skape eit rom for håp og framtidstru. Vi er ikkje åleine. I jula feirar vi at Gud kom til oss og vart menneske på jorda. Vi er betrudd å formidle dette i våre kyrkjer, med musikk, i sang, i tale og i handling.

Signa julehøgtid!


*Olav Fykse Tveit  
preses*



## Legg julegudstenestene på skjerikyrkja.no

På skjerikyrkja.no skal alle kunne finne julegudstenester der dei er i Noreg. Kvart år er det meir enn to tusen gudstenester på julafatn i Den norske kyrkja, og no er om lag halvparten av desse publisert på skjerikyrkja.no. Er kyrkjelyden din sine arrangement på plass?

[Les meir](#)



## No kjem «Kyrkja vår»

I januar vert «Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet» lansert. Dette er eit verktøy for å få oversikt over aktivitetane i soknet, få ny kunnskap om menneska i soknet og oppslutning om kyrkjelyden sitt abreid over tid. Saman kan det gje retning for vidareutvikling av arbeidet.


[Les meir](#)



## Vil tilsetje samisk prest eller diakon for Sør-Norge

I 2023 skal Den norske kyrkja tilsetje ein prest eller diakon for samar i det sørlege Noreg. I dei nordlige bispedøma er det allereie eigne prestestillingar som prest for samar. Kyrkjerådet vedtok også å oppnemme eit utval for å sjå på samisk kyrkjeliv i ny organisering.

[Les meir](#)



## Vedtok framdriftsplan for arbeidet med kyrkjeleg organisering

Kyrkjerådet var samla 8. og 9. desember. På møtet vedtok rådet framdriftsplan for det vidare arbeidet med kyrkjeleg organisering. Etter planen skal Kyrkjemøtet i 2023 handsame saker om dagleg leiing, folkevalde og biskopen sitt tilsyn og leiing.

[Les meir](#)



## Oppdater medlemsregisteret før 12. januar

Kyrkja sitt medlemsregister må vere oppdatert og korrekt. Siste frist for å legge inn kyrkjelege handlingar og gåver som kan utløse skattefrådrag er 12. januar 2023.

[Les meir](#)

## Webinar



### Andrekarriereprester i Den norske kirke

15. desember kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](#)

## Fekk du med deg desse sakene?



### Kirkens Nødhjelp i jula

Kyrkjelydar har lang tradisjon for å gje ofring på julaftan til Kirkens nødhjelp. Etter fleire korona-år med lågare oppslutning om gudsenesta, har også gåvene til organisasjonen blitt dramatisk mindre. I år er det håp om å snu denne trenden.



### Hjelp til fleire frivillige

Vil du ha fleire frivillige i kyrkjelyden? Då er noko av svaret å jobbe strategisk og fokusert, samt å utvikle ein god spørjekultur. Dette kjem fram i eit nytt forskingsprosjekt.

[Les meir her](#)



### Nytt kyrkjeval-nyheitsbrev i morgen

I morgen kjem andre utgåve av "Nytt frå kyrkjevalet". Det er eit nyheitsbrev med viktig info knytt til gjennomføring av kyrkjevalet i 2023.

[Meld deg på her](#)

[Les meir her](#)

---

## Søk om støtte

[Utlysning av midler til utvikling av ressursmateriale for bruk i Det gamle testamentet i prekener.](#)  
Søknadsfrist 15. desember 2022.

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)